



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet,
lovavdelingen
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	12/00155-2	Berit Landmark	008;O;KRI	14.3.2012

Høyring - Alternative reaksjonar for mindre alvorlege narkotikalovbrot

1. Innleiing

Barneombodet viser til høyringsbrevet sendt 19.1.2012 om alternative reaksjonar for mindre alvorlege narkotikalovbrot.

Barneombodet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombodet skal særleg fylgje med på at lovgjevnaden til vern om barn sine interesser vert fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei forpliktingane Noreg har etter FN sin konvensjon om barn sine rettar.

Innleiingsvis finn vi det interessant å reflektere noko over arbeidsgruppa sine forslag sett i lys av den føreståande etableringa av ungdomsoppfylgning i konfliktråd, jf høyringa «Auka bruk av konfliktråd». Vi stiller spørsmål om arbeidsgruppa sine forslag i realiteten vil tilsvare ungdomsoppfylgning i konfliktråd, og vi visar i denne samanhengen til dei betraktningane Kripos gjer i sitt høyringssvar. Samtidig ser vi at ei ungdomsoppfylgning har eit langt meir generelt utgangspunkt enn kva arbeidsgruppa har føreslege som alternative reaksjonar. Ei spesialisert tilnærming, der dei koordinerande instansane har spesialkompetanse på rus- og narkotikaproblematikk, aukar sannsynet for å oppnå ein målretta og konkret strategi. Dette kan igjen auke sannsynet for at resultatet blir som ein ynskjer. I dette perspektivet kan ein argumentere for at det er *behov* for ein alternativ reaksjon for mindre alvorlege narkotikalovbrot, også for barn i alderen 15-18 år, sjølv om ei ungdomsoppfylgning i konfliktråd eventuelt også blir innført. Dette vi vil ta utgangspunkt i resten av høyringssvaret vårt.

Barneombodet støttar i hovudsak arbeidsgruppa sitt forslag om innføring av eit tospora system – motivasjonssamtale og intervensjonsprogram – som alternative reaksjonar for mindre alvorlege narkotikalovbrot. Forslaget har inga øvre aldersgrense, og omfattar også barn i alderen 15-18 år. Vi ser det som positivt at dette er å rekne som alternative reaksjonar med utgangspunkt i kva slag lovbroet det er snakk om, kor skikka lovbrytaren er eller kva

motivasjon han har, og ikkje alderen hans. Det kan føre til fleire tilfelle der desse reaksjonane vert brukte, og derfor eit større erfaringsgrunnlag. Det vil igjen kunne føre til ei meir effektiv utvikling av kompetanse og kunnskap. Vi vil likevel peike på at det å jobbe med barn kan utløyse behov for særskilt kompetanse. Dei prosessane ein skal ivareta i arbeidet med barn som lovbrytarar kan fortone seg annleis enn prosessar med vaksne lovbrytarar. Dette kan framstå som heilt sjølvsgagt, men ikkje desto mindre viktig. Høg bevisstheit rundt tilpassa relasjonsarbeid og samtalemotodikk, og høg bevisstheit knytt til val av ressurspersonar er noko av det som kan vere særskilt viktig i arbeid med barn.

Vi ynskjer vidare å kommentere nokon av dei momenta vi stiller oss positive til.

2. Nokre generelle kommentarar

Barneombodet er nøgd med at det er lagt opp til ein politikk som blant anna på ein betre måte førebyggjer at rusmiddelproblem oppstår. Dette aukar sannsynet for at det offentlege vil kunne fange opp fleire barn som eksperimenterer med narkotika, og bidra til at desse ikkje utviklar eit omfattande narkotikaproblem. Ei sterk implementering også av eit individuelt orientert behandlingsspektiv aukar sannsynet for at den reaksjonen barnet blir møtt med, har ein konstruktiv og behandlande effekt. Eit sterkt førebyggjande perspektiv, både på eit primært, sekundært og tertiært nivå, vil komme barn til gode.

Arbeidsgruppa sitt forslag tar vare på barn sine rettar på fleire måtar. Ein behovs- og individorientert samtaleprosess styrker blant anna barnet sin rett til å bli høyrtd, jf Barnekonvensjonen artikkel 12. Det er dessutan grunn til å trekke fram Barnekonvensjonen artikkel 40 nr 1, om barn sine rettar i saker om straff.

«... ethvert barn som beskyldes for, anklages for eller finnes å ha begått et straffbart forhold, har rett til å bli behandlet på en måte som fremmer barnets følelse av verdighet og egenverd, som styrker barnets respekt for andres menneskerettigheter og grunnleggende friheter og som tar hensyn til barnets alder og ønskeligheten av å fremme barnets reintegrering, slik at det påtar seg en konstruktiv rolle i samfunnet.»

Dei prinsippa og metodane som motivasjonssamtalar og intervensjonsprogram byggjer på, kan sikre barn si rett til ein verdig behandling i dei sakene som er eigna for programmet. Vidare oppfattar vi at arbeidsgruppa sin tanke om at narkotikabrukarar bør få rettleiing, oppfølging og behandling stemmer godt med blant anna Barnekonvensjonen sitt prinsipp om at dei skal integrerast i samfunnet igjen. Barn er særskilt sårbare i utviklinga, og har behov for tett oppfølging og omsorg i situasjonar der utviklinga kan bli skada. Dette fordrar som vi har nemnt tidlegare særskilt kompetanse i det å samtale og arbeide med barn.

3. Kommentar til avsnitt 14: Gjennomføringa av intervensjonsprogrammet

Barneombodet oppfattar det som positivt at det vert lagt vekt på at programmet søkjer å balansere mellom *behovet for å kunne føreseie* på den eine sida og *behovet for eit individuelt tilpassa opplegg* på den andre. Oppfølginga av barn i vanskelege situasjonar inneber ei strukturert tilnærming i kombinasjon med at ein er vaken for barnet sine komplekse utviklingsprosessar. Ei styrking av barnet sine rettar etter Barnekonvensjonen artikkel 3 om det beste for barnet, avheng blant anna av at det er mogleg å legge til rette for eit behovs- og individorientert fokus. Dei som arbeider med og i programmet må reflektere over kva som er det beste for *dette* barnet.

Vidare støttar vi i utgangspunktet fokuset i intervensjonsprogrammet på bruken av ressurspersonar, som for eksempel dei som står nært barnet. Å knyte seg til nettetverket til barnet i dette arbeidet kan forsterke barnet sin motivasjon for erkjening og innsats. Samtidig er Barneombodet opptatt av at det å bruke nærstående i barnet sitt nettverk kan by på utfordringar. Mange barn i vanskelege situasjonar kan ha eit sterkt ambivalent forhold til sine nære relasjonar. Dei som arbeider med og i intervensjonsprogramma må som fylgje av dette ha god kunnskap om arbeid med og i relasjonsprosessar.

Vi ynskjer også å presisere rolla barnevernet har. Det er sannsynleg at det i mange av sakene vil vere behov for eit tettare samarbeid med barnevernet, og dette krev ei at ansvaret blir gjort tydelegare. Der det er behov for at barnevernet tar del, må barnevernet komme på bana.

4. Kommentar til avsnitt 14.5: Gjennomført intervensjonsprogram

Barneombodet er nøgd med at det vert opna for vidare deltaking i oppfølgingsteam eller oppfølging frå for eksempel helse- og omsorgstenestene, i dei tilfella der programdeltakaren har behov for ytterlegare oppfølging. Samtidig – og igjen – vil vi presisere kor viktig barnevernet er i desse sakene. I nokre saker kan både gjennomføringa av programmet og oppfølginga etterpå vere avhengig av barnevernet som ein aktiv deltakande instans.

5. Kommentar til avsnitt 15: Motivasjonssamtale for å forebygge bruk av narkotika

Barneombodet stiller seg i utgangspunktet positiv til at motivasjonssamtalen byggjer på ein standardisert samtalemetode. Den standardiserte innfallsvinkelen må likevel ikkje overskygge behovet for ei relasjonsbasert og individuelt tilpassa tilnærming.

Venleg helsing

Reidar Hjermand
barneombod

Berit Landmark
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk, og har derfor inga underskrift.